

Retningslinjer for bruk av lagskonto «FAU Skei Skule»

Styret i FAU er ansvarleg for å opprette ein lagskonto som skal heite «FAU Skei Skule». Formålet med bruk av konto er at FAU og foreldrerådet skal kunne søkje midlar som skal brukast til å arrangere ulike aktivitetar og tiltak for heile skulen og/eller saman med føresette, jamfør § 2 i vedtektene.

Det kan opprettast egne konti for ulike prosjekt.

Korleis søkje midlar:

Kvart klassekull kan ta initiativ til å undersøke og kartlegge kva midlar FAU og foreldrerådet kan søkje. Søknad utarbeidast av initiativtakar og søknad sendast gjennom FAU.

Ved tildeling av midlar:

Gjennomføring av tiltak/prosjekt:

Initiativtakar skal syte for at tiltaket blir gjennomført i tråd med formålet opplyst om i søknad.

Fakturering:

Initiativtakar må syte for at faktura(ar) knytt til arrangement blir oversendt til styre i FAU. Styret i FAU er ansvarleg for å betale faktura og arkivere faktura i perm «FAU Skei Skule» under fane «Lagskonto».

Misbruk av klassekonto og/eller lagskonto:

Bruk og disponering av klassekonto er ei tillitsbasert ordning, og misbruk/underslag av konti vil medføre politimelding. Ansvarleg er styret i FAU.